

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Styret for Fagskolen i Hordaland
<b>Møtestad:</b>	Nettmøte, Zoom
<b>Dato:</b>	18.03.2021
<b>Tid:</b>	Kl. 09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til [post.fih@vlfk.no](mailto:post.fih@vlfk.no)

Innkallinga gjeld valde medlemmer i styret for Fagskolen i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

- Kl. 09:00      Munnlege orienteringer
- Covid-19 tiltak
  - Samanslåingsprosessen
- Kl. 09:30      Sakshandsaming
- Kl. 11:00      Avslutning

**Emil Gadolin**

Styreleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
GK 03/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2020/1479	
GK 04/21	Godkjenning av møteprotokoll frå 28.01.2021	2020/1479	
<b>Referatsaker</b>			
RS 02/21	Politisk bestilling - eigarstyring av fagskulen i Vestland	2020/1479	
<b>Vedtaksaker</b>			
VS 04/21	Melde endring av undervisningsform til NOKUT	2020/1479	
VS 05/21	Løyve til å søkje og starte tilbod gjennom industrifagskulen	2020/1479	
VS 06/21	Budsjett 2021 og årsrekneskap 2020	2020/1479	

---

**Saksnr:** 2020/1479-69  
**Saksbehandlar** Adeline Berntsen Landro  
**Dato:** 10.03.2021

---

---

**Til:** Styret for Fagskolen i Hordaland

---

**Frå:** Rektor

---

### Politisk bestilling - eigarstyring av fagskulen i Vestland

Fylkeskommunen ved fylkesutvalet har i møte 09.02.2021 vedteke ei bestilling av ei sak om eigarstyringa av fagskulen i Vestland. Det vart ikkje lagt fram ei sak i møtet, men vedtaket kan sjåast her:

<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbld=5011&caseType=Protokoll&registryEntryId=0&sourceDatabase>

---

**Saksnr:** 2020/1479-66  
**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	VS 04/21	18.03.2021

## Melde endring av undervisningsform til NOKUT

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek at fagskulen kan søkje NOKUT om endring av undervisningsform for dei 7 bransjemodulane som er utvikla for industrien til reine nettbaserte tilbod i tillegg til allereie akkreditert undervisningsform.

### Samandrag

Fagskulen har 7 akkrediterte bransjemodular som er retta mot industrien. Modulane er nettbasert med samlingar, og har vorte tilbudd både i Sunnhordland og i Nordhordland. For å kunne nå breiare ut med tilboda, og få tilstrekkeleg tal på deltakarar som sikrar gode økonomiske føresetnader, er det ønskjeleg å søkje NOKUT om endring av undervisningsform til reine nettbaserte tilbod, i tillegg til allereie godkjent undervisningsform.

Torbjørn Mjelstad  
rektor, Fagskolen i Hordaland

Adeline Berntsen Landro  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fagskulen har 7 akkrediterte korte utdanningar/modular gjennom bransjeprogrammet, som er retta mot leverandørindustrien. Akkrediteringa for desse tilboda er midlertidige etter dispensasjon, men den komande lovhandsaminga av fagskulelova kan opne opp for at desse vert permanent akkreditert som korte utdanningar.

Dei 7 modulane er som følgjer:

- Materialteknologi
- Teknisk dokumentasjon og kommunikasjon for leverandørindustrien
- Prosjektplanlegging for leverandørindustrien
- Produksjonsledelse for leverandørindustrien
- Teknisk engelsk for leverandørindustrien
- Sveising for leverandørindustrien
- Isolering av tekniske installasjoner for leverandørindustrien

Dei 7 modulane er akkrediterte som nettbaserte tilbod med samlingar, og vart utvikla for arbeidslivet i Sunnhordland gjennom eit bransjeprogram. Vidare har 2 av modulane blitt starta opp i Nordhordland, og skulen ser ei aukande interesse for desse korte tilboda. Likevel kunne rekrutteringa har vore større til den einskilde modul og nådd ut til fleire arbeidstakarar. Studenttalet har vore frå 10 til vel 20 deltakarar.

I samband med covid-19 paragrafen i fagskuletilsynsforskrifta (§ 2-8) har fagskulen gjort naudsynte endringar for å hindre spreiding av covid-19, og blant anna vart den sist modulen som skulen starta i Nordhordland gjort delvis heildigital for søkjarar med lengre reiseveg. Det vil sei at søkjarar som ikkje bur i Nordhordland fekk tilbod om å følgje dei obligatoriske samlingane på nett. Dette gjer at fleire arbeidstakarar i regionen får tilgang til kompetansehevande tilbod, samtidig som ein reduserer reising mellom kommunar i periodar det kan vere høgt smittetrykk.

På bakgrunn av erfaringane med å drive utdanning heildigitalt, og moglegheita for å nå ut til fleire søkjarar ønskjer fagskulen å melde om endring av utdanningsform for dei 7 modulane, slik at skulen kan få godkjenning for både nettbasert med samlingar, og heildigital undervisningsform.

Dei korte modulane, som har få samlingsdagar, eignar seg godt til å bli gjennomført med berre digitale samlingar, og vil gje eit langt større rekrutteringsgrunnlag. Å sikre eit breitt rekrutteringsgrunnlag er viktig framover både for å sikre tilgang til kompetanseheving, men også for å sikre ei berekraftig økonomi i tilboda.

Gjennom den nye tilskotsordninga, Industrifagskulen, ved Diku kan fagskulane no søkje om studieplassar til korte utdanningar/modular eller einskilde studieemne. Finansieringsnivået ved desse tilboda er det same som for dei andre utdanningane som får statleg tilskot. Det vil sei at det er eit grunntilskot på kr 75 900,- og eit resultatbasert tilskot på kr 18 500,- per 2021. Ved opptak av 20-30 studentar vil det ikkje vere god økonomi i tilboda, og det er derfor ønskjeleg å søkje om 40 studieplassar til kvar av modulane som skulen kan starte under denne finansieringsordninga.

Ein modul er berekna å koste om lag kr 385 000,- inkludert administrative kostnader. Tabellen under viser kva finansiering ein modul vil få basert på tal på studentar.

Studiepoeng	Tal studentar	Heiltidsekvivalent	Grunntilskot	Resultatbasert tilskot	Totalt
10	20	3,33	253 010	61 667	314 677
10	30	5	379 515	92 500	472 015
10	40	6,66	506 020	123 333	629 353

Tabellen viser at inkludert resultatbasert tilskot så vil tilbodet vere fullfinansiert med 30 og 40 studentar, men det resultatbaserte tilskotet kjem først to år etter gjennomføring dersom alle studentane ved tilbodet består utdanninga. På bakgrunn av dette er det såleis grunntilskotet som

må leggjast til grunn for om gjennomføringa er økonomisk berekraftig, og det bør såleis vere 30 til 40 studentar i kvar modul.

#### Vedtakskompetanse

Ved søknad om endring av akkreditert utdanning skal det leggjast ved ei stadfesting om at styret står bak meldinga om endring. Dette er i tråd med fagskulelova § 9 som seier at styret er øvste styringsorgan for fagskulen og er ansvarleg for kvaliteten i utdanninga.

#### Konklusjon

Basert på saksframlegget vil rektor tilrå at fagskulen kan søkje NOKUT om endring av dei 7 bransjemodulane som er retta mot industrien til undervisningsforma nettbasert, i tillegg til allereie godkjent undervisningsform.

---

**Saksnr:** 2020/1479-67  
**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	VS 05/21	18.03.2021

## Løyve til å søkje og starte tilbod gjennom industrifagskulen

Forslag til vedtak

1. Fagskulen kan søkje om tilskot gjennom ordninga «Industrifagskulen» for inntil 3 bransjemodular med 40 studentar til kvar modul.
2. Tilboda skal gjennomførast som nettbaserte dersom slik akkreditering er gitt av NOKUT innan oppstart.
3. Styreleiar vert gjeve mynde til å avgjere kva tilbod det skal søkjast midlar til i samråd med rektor.
4. Rektor vert gjeve mynde til å starte opp finansierte tilboda dersom det er minimum 30 kvalifiserte søkjarar til den einkilde modul.

Samandrag

Gjennom ei ny tilskotsordning ved Diku, kalla Industrifagskulen, kan fagskular mellom anna søkje om studieplassar til å gjennomføre allereie godkjente bransjemodular. Fagskulen ønskjer å søkje om tilskot til inntil 3 modular med 40 studentar i kvar modul, og med nettbasert undervisningsform innan fristen 16. april. Dersom fagskulen får tilskot vil tilboda kunne starte opp i august 2021.

Torbjørn Mjelstad  
rektor, Fagskolen i Hordaland

Adeline Berntsen Landro  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I tråd med løyvingar i statsbudsjettet for 2021 har Diku lyst ut 37,8 mill. kr til korte og fleksible vidareutdanningstilbod for industri- og byggenæringa innan høgare yrkesfagleg utdanning. Tilskotet rettar seg mot finansiering av studieplassar til drift av allereie godkjente bransjemodular; nye bransjemodular, eller emne frå eksisterande studietilbod som er akkrediterte. Det er ikkje høve til å søkje midlar om utvikling av nye bransjemodular gjennom denne ordninga. Tilskotsordninga er lyst ut med 4 søknadsfristar i 2021; 19. februar, 16. april, 11. juni og 17. september.

Konseptet «Industrifagskulen» er utvikla gjennom Bransjeprogram for industri og bygg. Det er eit paraply omgrep for vidareutdanningstilbod som er spissa mot fagarbeidarar innan industrirelaterte fagområde som fell inn under frontfaga, samt byggfaga. Målet med bransjeprogramma og Industrifagskulen er å sikre auka produktivitet og omstillingsevne i verksemdar gjennom relevant kompetanseheving hos den einskilde arbeidstakar. Vidareutdanningstilbodet skal derfor bygge på konkrete behov definert i tett samarbeid mellom fagskule, verksemd/bransje og tillitsvald apparatet.

Kriteria for å søkje er:

- at tilbodet svarar på konkrete kompetansebehov innan industri og bygg, og det er avgjerande at relevante verksemdar, bransjar, næringsklynger eller liknande, saman med tillitsvald apparatet, spiller ein sentral rolle i å definere tilbodet ein søker midlar til.
- at tilboda kan kombinerast med å vere i fullt arbeid, men permitterte og arbeidsledige kan også søkje opptak.
- at tilbodet startar opp i 2021

Fylkeskommunane har ein sentral rolle som regional utviklingsaktør og Diku oppmodar fagskulane til dialog med fylkeskommunen om kompetansebehovet i den einskilde region.

Fagskulen ønskjer å søkje om studieplassar til fristen 16. april for å starte opp inntil 3 av skulen sine 7 akkrediterte bransjemodular med oppstart i august 2021. Talet på modular fagskulen vil kunne søkje tilskot for vil avhenge av ressursituasjonen i høve til lærarkrefter.

Vidare er fagskulen i dialog med regionalt arbeidsliv om kva tilbod det er ønskjeleg å søkje midlar til, og 18. mars 2021 har fylkeskommunen invitert fagskular og arbeidsliv til ei dialogsamling vedkomande denne ordninga for å få innspel til kompetansebehovet. Til no har fagskulen fått innspel frå Aker i Sunnhordland om at følgjande modular er etterspurt frå hausten 2021 for til saman 25 deltakarar ved kvar modul:

- Prosjektplanlegging for leverandørindustrien
- Produksjonsledelse for leverandørindustrien
- Teknisk dokumentasjon og kommunikasjon for leverandørindustrien

For å sikre ei berekraftig finansiering av tilboda ønskjer fagskulen å søkje om 40 plassar til kvar av modulane, og tilby dei som reine nettbaserte tilbod dersom fagskulen har fått akkreditering / endring jf. styresak VS 04/2021. Finansieringa gjennom Industrifagskulen er basert på den same studentsatsen som det ordinære fagskuletilbodet, og rektor vurderer det slik at finansieringa er noko låg i høve til kostnadene ved å opprette og drive desse tilboda. Ved å søkje om 40 studieplassar vil skulen få dekt driftskostnadene, men for å sikre at skulen klarer å rekruttere 40 studentar til kvart tilbod må det rekrutterast breitt i regionen. Ved bransjemodulane som har vorte gjennomført til no har det vore om lag 10 til vel 20 studentar ved kvar modul. Eit reint nettbasert tilbod vil også gjere at ein unngår reisekostnader.

Finansieringa gjennom Industrifagskulen gjev eit grunntilskot på kr 75 900,- og eit resultatbasert tilskot på kr 18 500,- per 2021. Ved opptak av 20-30 studentar vil det ikkje vere god økonomi i tilboda, og det er derfor, som nemnt, ønskjeleg å søkje om 40 studieplassar til kvar av modulane som skulen kan starte under denne finansieringsordninga.

Ein modul er berekna å koste om lag kr 385 000,- inkludert administrative kostnader. Tabellen under viser kva finansiering ein modul vil få basert på tal på studentar.



Studiepoeng	Tal studentar	Heiltidsekvivalen t	Grunntilskott	Resultatbasert tilskott	Totalt
10	20	3,33	253 010	61 667	314 677
10	30	5	379 515	92 500	472 015
10	40	6,66	506 020	123 333	629 353

Tabellen viser at inkludert resultatbasert tilskot så vil tilbodet vere fullfinansiert med 30 og 40 studentar, men det resultatbaserte tilskotet kjem først to år etter gjennomføring dersom alle studentane ved tilbodet består utdanninga. På bakgrunn av dette er det såleis grunntilskotet som må leggjast til grunn for om gjennomføringa er økonomisk berekraftig, og det bør såleis vere 30 til 40 studentar i kvar modul.

Om skulen får tilskot til 40 studentar vil grunntilskotet vere det same sjølv om ein startar eit tilbod med færre enn 40 studentar. Men det resultatbaserte tilskotet vert lågare en tabellen over viser. Sjølv om grunntilskotet er fast, vil det kunne straffe seg seinare dersom skulen opprettar små grupper ved at ein vil kunne få mindre tilskot seinare.

For å søkje midlar gjennom Industrifagskulen må styret gje sin tilslutnad til at det vert søkt, og styreleiar må signere eit følgjebrev. Fordi det framleis vert arbeidd med å vurdere kva tilbod skulen har kapasitet til å starte opp, og kva tilbod arbeidslivet i regionen etterspør vil rektor tilrå at styreleiar vert gjeve mynde til å avgjere endeleg kva tilbod det skal søkjast midlar for i samråd med rektor.

Jf. fagskulelova § 9 skal styret sjølv vedta om det er forsvarleg å starte opp eit tilbod. Som nemnt ønskjer fagskulen å søkje midlar til fristen 16. april og starte opp tilboda i august 2021. Det kjem ikkje fram av utlysinga kor lang tid det tar å få svar på søknaden, og det er såleis ikkje sikkert at skulen kan ha klar ei sak om start av modulane til styremøtet 29. april. Neste styremøte er sett til 2. september, og rektor vil derfor tilrå at han vert gjeve mynde til å starte opp tilboda så lenge det er minimum 30 påmeldte deltakarar til kvar modul.

#### Vedtakskompetanse

Ved søknad til Diku om tilskot skal det leggjast ved ei stadfesting frå styreleiar om at fagskulen har løyve til å søkje.

Jf. fagskulelova § 9 andre ledd er det styret sjølv som skal fatte vedtak om det er forsvarleg å ta opp nye studentar til ei utdanning. Vedtaket skal fattast før studiestart.

#### Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget tilrår rektor at fagskulen kan søkje om tilskot gjennom ordninga Industrifagskulen for inntil 3 bransjemodular med 40 studentar i kvar modul. Vidare vert det tilrådd at modulane vert gjeve som reine nettbaserte tilbod dersom akkreditering for dette er i orden innan start. For å kunne søkje om tilskot skal styret stille seg bak søknaden, og det vert tilrådd at styreleiar vert gjeve mynde til å avgjere kva tilbod ein skal søkje om i samråd med rektor. Til slutt vert det tilrådd at rektor vert gjeve mynde til å starta opp tilboda dersom det vert gjeve finansiering av dei og det er minimum 30 kvalifiserte søkjarar til den einskilde modul.

---

**Saksnr:** 2020/1479-68**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland	VS 06/21	18.03.2021

## Budsjett 2021 og årsrekneskap 2020

### Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek slikt budsjett for fagskolen i 2021:

Løn og andre kostnader	kr 127 788 819,00
Underskot frå 2020	kr 4 060 352,00
<b>SUM</b>	<b>kr 131 849 171,00</b>

Statstilskot	kr 103 723 334,00
Inntekter frå oppdragsverksemd	kr 1 500 000,00
Prosjektmidlar frå 2020	kr 13 116 619,00
Studieavgift	kr 1 600 000,00
VLFK	kr 11 909 218,00
<b>SUM</b>	<b>kr 131 849 171,00</b>

2. Årsrekneskap for 2020 vert teke til orientering.

### Samandrag

I denne saka vert det lagt fram årsrekneskap for 2020 og budsjett for 2021. Årsresultatet for 2020 syner eit underskot på kr 212 411,-. Underskotet frå 2019 på kr 4 mill. vert vidareført til 2021. Samla årsbudsjett for fagskolen i 2021 er på kr 131,8 mill.

**Torbjørn Mjelstad**  
rektor, Fagskolen i Hordaland

**Adeline Berntsen Landro**  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram årsrekneskap for 2020 og budsjett for 2021.

### Årsrekneskap 2020

Pr. desember 2020 er Fagskolen i Hordaland sitt rekneskap pr. utdanning/avdeling følgjande:

Utdanning	REGNSKAP Desember 2020	BUDSJETT Desember 2020
<b>Bygg (Bygg og KEM)</b>	<b>15 787 245</b>	<b>15 505 000</b>
Lønn og andre kostnader	15 787 245	
<b>Anlegg</b>	<b>3 202 418</b>	<b>3 118 800</b>
Lønn og andre kostnader	3 202 418	
<b>Maritim Bergen</b>	<b>15 253 828</b>	<b>11 768 000</b>
Lønn og andre kostnader	15 253 828	
<b>Maritim Austevoll</b>	<b>2 309 096</b>	<b>5 899 500</b>
Lønn og andre kostnader	2 309 096	
<b>Elektro (Elkraft og Automatisering)</b>	<b>23 367 326</b>	<b>22 339 725</b>
Lønn og andre kostnader	23 367 326	
<b>Helse</b>	<b>3 372 609</b>	<b>4 476 700</b>
Lønn og andre kostnader	3 372 609	
<b>Arborist</b>	<b>1 454 470</b>	<b>1 473 400</b>
Lønn og andre kostnader	1 454 470	
<b>Lokal matkultur</b>	<b>2 064 723</b>	<b>1 735 900</b>
Lønn og andre kostnader	2 064 723	
<b>Maskin</b>	<b>10 069 404</b>	<b>10 408 300</b>
Lønn og andre kostnader	10 069 404	
<b>Petroleum (Boring)</b>	<b>6 557 989</b>	<b>6 209 000</b>
Lønn og andre kostnader	6 557 989	
<b>Prosess</b>	<b>4 333 139</b>	<b>5 718 000</b>
Lønn og andre kostnader	4 333 139	
<b>Merkantil</b>	<b>2 573 715</b>	<b>3 188 800</b>
Lønn og andre kostnader	2 573 715	
<b>Fagskolestyret</b>	<b>743 473</b>	<b>1 300 000</b>
Lønn og andre kostnader	743 473	
Administrasjon	<b>-86 363 385</b>	<b>-77 299 931</b>
IT, Bibliotek, skolelokaler, felles	<b>-7 050 437</b>	<b>-1 253 678</b>
<b>Årsoppgjør</b>	<b>13 116 619</b>	
<b>OPPDRAK / kurs</b>	<b>-1 195 671</b>	<b>-3 461 737</b>
Inntekter - salg av kurs	-1 195 671	
<b>TOTALT</b>	<b>9 596 561</b>	<b>5 323 798</b>

**Resultat**

Rekneskap	kr 9 596 561,00
Korrigert budsjett**	kr 5 323 798,00
<b>SUM</b>	<b>kr 4 272 763,00</b>

\*\* Inkluderar underskot frå 2019 -kr 4 060 352,00

**Underskot 2020 kr 212 411,00**

## Budsjett 2021

Styret for Fagskolen i Hordaland har mynde til å disponere budsjettet innanfor følgjande ramme:

<b>Statleg tilskot:</b>	
Grunntilskot	74 544 398 kr
Resultatbasert tilskot	20 437 887 kr
Nye studieplassar	8 741 050 kr
<b>Sum statleg tilskot</b>	<b>103 723 334 kr</b>

<b>Fylkeskommunalt tilskot</b>	<b>11 909 218 kr</b>
--------------------------------	----------------------

<b>Samla tilskot</b>	<b>115 632 552 kr</b>
----------------------	-----------------------

## Årsbudsjett 2021

Løn og andre kostnader	kr 127 788 819,00
Underskot frå 2020	kr 4 060 352,00
<b>SUM</b>	<b>kr 131 849 171,00</b>

Statstilskot	kr 103 723 334,00
Inntekter frå oppdragsverksemd	kr 1 500 000,00
Prosjektmidlar frå 2020	kr 13 116 619,00
Studieavgift	kr 1 600 000,00
VLFK	kr 11 909 218,00
<b>SUM</b>	<b>kr 131 849 171,00</b>

Følgjande tilskotsbrev er sendt frå Vestland fylkeskommune til Fagskolen i Hordaland:

## Tilskot 2021 Fagskolen i Hordaland

Vestland fylkeskommune sitt budsjett for 2021/økonomiplan 2021-2024 vart vedteke av fylkestinget 15. desember 2020, FT-sak 137/2020. Fylkestinget vedtok budsjettet for 2021 på løyvingsnivå. I samsvar med budsjettreglementet kan hovudutvala endre fordelinga mellom løyvingsnivåa innanfor sine sektorområde. For nokre sektorområde vedtok fylkestinget bindande føresetnader i tekstdelen.

### 1.0 Tildeling av driftsbudsjett for våren 2021

Styret for Fagskolen i Hordaland har mynde til å disponere budsjettet innanfor følgjande ramme:

<b>Statleg tilskot:</b>	
Grunntilskot	74 544 398 kr
Resultatbasert tilskot	20 437 887 kr
Nye studieplassar	8 741 050 kr
<b>Sum statleg tilskot</b>	<b>103 723 334 kr</b>

<b>Fylkeskommunalt tilskot</b>	<b>11 909 218 kr</b>
--------------------------------	----------------------

<b>Samla tilskot</b>	<b>115 632 552 kr</b>
----------------------	-----------------------

#### Særskilte merknader til det fylkeskommunale tilskotet:

Det er lagt til grunn følgjande pensjonssatsar:

- Kommunal Landspensjonskasse (KLP): 18%
- Statens pensjonskasse (SPK): 10,13%

Det er elles lagt til grunn vidareføring av det fylkeskommunale tilskotet til fagskolen på same nivå som i 2020.

Det samla ansvaret for skulelokale inkl. energi, husleige, kommunale avgifter, reinhald mv i fylkeskommunen vart frå 01.01.2020 overført til Eigedom. Det fylkeskommunale tilskotet til Fagskolen i Hordaland vart ikkje justert for dette i 2020. Tilskotet for 2021 vil som følgje av endringa bli justert for utgifter til energi m.m. løpet av 2021, etter nærare prosess med skulen.

Fylkesdirektøren gjer merksam på at eventuelt over-/underskot frå tidlegare år ikkje er rekna inn i tilskotet for 2020. Styret må ta omsyn til dette i disponeringa av budsjettet.

Dersom de har spørsmål til tildelinga av driftstilskot ber vi om at de tek kontakt med Ingeborg Lie Fredheim.

### 2.0 Detaljering av driftsbudsjettet

Fylkesdirektøren har lagt budsjettet for den einskilde skule inn i Visma i ein samla sum. Skulane har fridom til å detaljere budsjettet sitt innanfor rammene, avgrensa av det einskilde løyvingsnivå, men kvar skule skal detaljere minimum på løn og andre driftsutgifter.

Sjølve detaljeringa av budsjettet vert for 2021 gjort ved bruk av eBudsjetteringsmodulen i Visma. Her vel ein art – stad - funksjon og detaljerer budsjettet innanfor kvart løyvingsnivå. Både når det gjeld budsjett og rekneskap er det avgjerande for å kontere på rett løyvingsnivå at ein vel rett funksjon. Fristen for å ha detaljert budsjettet er **mandag 18. januar**. Styret skal etter dette ha eit gjennomarbeida budsjett å styre etter.

I samband med detaljering av budsjettet skal einingane nytte e-budsjett eller importmal i excel. Vedlagt følgjer rettleiing om budsjettering i Visma og importmal i excel.

### 3.0 Rapportering og oppfølging

#### 3.1 Politisk oppfølging

Det skal rapporterast til politisk nivå i samsvar med punkt 3.2.3 i budsjettreglementet etter kvart tertial (pr. april og august).

Utover dette skal det utarbeidast kortare rapportar til fylkesutvalet pr juni og oktober.

Hovudutvala skal i samsvar med punkt 3.5.1 i budsjettreglementet vurdere forvaltinga av budsjettmidlane etter kvart tertial.

#### 3.2 Administrativ oppfølging

Rektor skal rapportere etter kvart kvartal i 2021 i samband med den overordna økonomirapporteringa (kvartalsrapport). Rektor skal som ein del av dette vise evt. tiltak skulen har sett i verk for å halde budsjetttramma. Status for dette arbeidet skal også inngå i årsmeldinga for 2021.

Skulane har følgjande fristar for kvartalsrapporteringa i 2021:

Kvartal	Månadsavslutning rekneskap	Rapporteringsfrist for skulane
1. kvartal	13. april	20. april
2. kvartal	13. juli	13. august
3. kvartal	12. oktober	18. oktober

Områdeleiar vil i samarbeid med økonomistab følgje opp skulane i dette arbeidet gjennom året.

### Vedtakskompetanse

Styret er øvste styringsorgan for Fagskolen i Hordaland jf. fagskulelova § 9. Av vedtektene til fagskulestyret, § 2-1 andre ledd, er styret økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning ved skulen. Styret er også ansvarleg for kursverksemd og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.